

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Stian Herøy		23/105

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/23	Kommunestyret	PS	23.02.2023

17. mai 2023

### Saksutgreiing:

#### Saksopplysningar

I formannskapsmøtet i oktober 2022 vart det stilt spørsmål om korleis ein skal førebu og ikkje minst markera 17. mai 2023 på Fedje. Det er foreldra til elevane i 4 og 8 klasse som førebur og organiserer 17. mai feiringa. I år er dei få foreldrepar – dei treng fleire folk.

I formannskap sak 014/23 vart saka drøfta igjen, ordførar foreslår at kommunestyret skal delta i lag med dei andre i 17. mai komiteen. Ordførar vil ta saka opp i kommunestyremøtet 23.02.2023.

### Forslag til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak

Kommunestyret - 010/23

### K - behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

17.mai-komiteen på Fedje består av foreldrerepresentantar frå 4.klasse, 8.klasse på Fedje skule. Representantane veljast inn for eit år av gongen, med unntak av fire representantar frå kommunestyret, som har ein valperiode på 4 år. Dei representantane er ordførar, varaordførar og to andre representantar frå kommunestyret. Ordførar er leiar av 17.mai-komiteen og kallar kvart år inn til møte.

Komiteen jobbar med planlegging av nasjonaldagen og vervet er ulønna. Dei jobbar med alt frå organisering av dagen, kransenedlegging, aktivitetar for born og unge, mat og kulturtimen. Det er eit tett samarbeid med relevante aktørar og kommunen. 17.mai-komiteen sitt mål er å skape ein best mogleg nasjonaldag for alle som feirar på Fedje!

Fedje kommune er ansvarleg for økonomien.

Forslag til vedtak, foreslått av Stian Herøy, Høgre

17 mai komiteen på Fedje består av foreldra til 4 og 8 klasse samt kommunestyret. Ordførar er leiar av komiteen.

Forslaga vart sett opp mot kvarandere i avrøystinga.

**K - vedtak:**

17.mai-komiteen på Fedje består av foreldrerepresentantar frå 4.klasse, 8.klasse på Fedje skule. Representantane veljast inn for eit år av gongen, med unntak av fire representantar frå kommunestyret, som har ein valperiode på 4 år. Dei representantane er ordførar, varaordførar og to andre representantar frå kommunestyret. Ordførar er leiar av 17.mai-komiteen og kallar kvart år inn til møte.

Komiteen jobbar med planlegging av nasjonaldagen og vervet er ulønna. Dei jobbar med alt frå organisering av dagen, kransenedlegging, aktivitetar for born og unge, mat og kulturtimen. Det er eit tett samarbeid med relevante aktørar og kommunen. 17.mai-komiteen sitt mål er å skape ein best mogleg nasjonaldag for alle som feirar på Fedje!

Fedje kommune er ansvarleg for økonomien.

Vedteke med 11 røyster.

Stian Herøy (H), Ove Nilsen (H) , Marit Slbakk Øien (Frp) og Bjørn Solbakk (Frp) røysta for forslaget framsett av Stian Herøy (H).